

From: Kjell Arvid Nyhus <kjel-nyh@online.no>
Sent: 8. desember 2017 21:06
To: NVE
Subject: VS: Innspel til søknad om fornyelse av reguleringskonsesjon for Fortun-Grandfastavassdragene. Saksnummer 201702265

Frå: Kjell Arvid Nyhus [mailto:kjel-nyh@online.no]
Send: fredag 8. desember 2017 20:21
Til: 'nve@nve.no/konsesjoner'
Emne: Innspel til søknad om fornyelse av reguleringskonsesjon for Fortun-Grandfastavassdragene. Saksnummer 201702265

Klekkeriet: Det er i fiskesesongen 2017 innrapportert fangst av ca.760kg laks,ca. 70% av denne er feittfinneklyppt, dvs.at den er satt ut frå klekkeriet. Rådgivende Biologer har i nov. 2017 talt ca.140 laks som står i elvi. Dei anslår at 70% av desse er feittfinneklyppt. Dette viser at klekkeriet fungerer svært godt og må fortsette å sette ut smolt i same omfang som det vert gjort i dag.

Minstevassføring: Minstevassføring nedstrøms kraftstasjonen må fortsette som i dag. Det må og bli satt krav om minstevassføring oppstrøms kraftstasjonen i heile den anadrome elvestrekninga. Det syner seg nemlig at det enkelte vintermåneder er så lite vatn i elva at den i store parti tørkar ut med påfølgande stort tap av småfisk og yngel som blir ståande att på tørt land.

Omløpsventil i Skagen kraftstasjon: Det må bli krav om automatisk omløpsventil ved Skagen kraftstasjon. Ved uforutsett utfall av kraftstasjonen kan ein i dag ved utfall i vintermånadene få eit fall i vannføringa frå 30m³/sek. til under 1m³/sek.,dette vil medføre stranding av småfisk og yngel nedstrøms kraftstasjonen. Det fører og med seg at Hydro kjem langt under konsesjonsgrensa for minstevassføring nedstrøms kraftstasjonen. Begge desse problema vert vekke med ein automatisk omløpsventil.

Prosedyre for ned- og oppkøying av effekten i kraftstasjonen. Det er særlig viktig ved effektnedkøying at dette skjer i små trinn,dette vil gi småfisk og yngel tid til å følgje med vannspeilet som trekker seg tilbake ved ein nedkøying.

Tiltak i elvi. Fangsttala for laks og aure seier at gyteforhold og oppvekstområder for yngel og småfisk er for dårlege i elvi. Hydro må ved hjelp av spesialister få hjelp til å utarbeide planar og gjennomføra desse for å betra gyte- og oppvekstområder i elvi.

Fortun elveeigarlag

v/Kjell Arvid Nyhus